

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 15/8061-2

Forvaltningsrevisjon 2010 - Byggeprosjekt i Sogn og Fjordane - oppfølging av tilrådingane 2 - 5 i rapport

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek notat frå fylkesrådmannen med oppfølging av tilrådingar, datert 18. mars 2016, til vitande.
2. Kontrollutvalet vurderer oppfølging av vedtaket i FT-sak 2/11 til å vere ferdig.

Vedlegg:

- Notat frå fylkesrådmannen datert 18. mars 2016 – Forvaltningsrevisjon (2010) – Byggeprosjekt – oppfølging av tilrådingar
- Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon Byggeprosjekt i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjennomførde forvaltningsrevisjonen «Byggeprosjekt i Sogn og Fjordane» i 2010. Fylkestinget handsama rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon 06.04.2011 der det vart gjort følgjande vedtak i FT-sak 2/11:

1. Fylkestinget tek rapporten «Forvaltningsrevisjon av gjennomføring av byggeprosjekt» til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sette i verk oppfølging av tilrådingane i rapporten og rapportere til kontrollutvalet innan 31.12.2011 status for oppfølginga og eventuell tidplan for fullføring.
3. Ved større byggeprosjekt skal det leggest fram byggerekneskap for fylkestinget. Fylkesutvalet får fullmakt til å utforme retningslinjer.

Sjølv om forvaltningsrevisjonen i hovudsak var positiv, vurderte revisor at fylkeskommunen hadde forbetningspotensial på nokre område. Dette resulterte i følgjande 9 tilrådingar i rapporten:

1. Sikre at nytt rekneskapssystem tek omsyn til prosjektorganisasjonen sitt behov for prosjektrekneskap som grunnlag for økonomisk styring av prosjekta.
2. I større grad etablere system og prinsipp for risikovurdering og risikostyring av byggeprosjekt innanfor bygg og eigedom.
3. Definere nærare kva type avvik og storleik på avvik som gjev grunnlag for avviksrapportering innanfor bygg og eigedom.

4. Vurdere om det i større grad er mogleg å nytte eit felles prosjektstyringsssystem, og etablere meir formelle rutinar for prosjektstyringa.
5. Vurdere om samla rutineverk for anskaffingar innanfor bygg og eigedom i tilstrekkeleg grad sikrar at anskaffingar blir gjennomførte og dokumenterte i samsvar med regelverket.
6. Oppdatere Plan- og byggesaksrutinar i forhold til endra praksis for handsaming av prosjektrekneskapane for avslutta byggjeprojekt.
7. Definere klårare kva som ligg i omgrepa "store prosjekt" og "vesentlege avvik" innanfor vegprosjekt.
8. Utarbeide retningslinjer for presentasjon og handsaming av prosjektrekneskapane for vegprosjekt.
9. Etablere rutinar for evaluering av avslutta prosjekt som grunnlag for læring og tiltak til forbetring.

I møte med administrasjonen 5. mars 2014 kom det fram at tilrådingane 1 – 6 i FR-rapporten frå Deloitte vil bli rapportert ved årsskifte 2014/2015.

Kontrollutvalet mottok rapport frå fylkesrådmannen 22.4.14, som omhandla oppfølging av tilrådingane 7 – 9 i rapporten frå Deloitte. Kontrollutvalet handsama oppfølging av rapport i KU-sak 24/14 og gjorde slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek rapporten datert 22.04.14 frå fylkesrådmannen til vitande.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om tilbakemelding om rutine vedrørende handsaming av prosjektrekneskapa knytt til vegprosjekt innan utgangen av 2014.

I statusmøte mellom administrasjonen og kontrollutvalssekretariatet 11. september 2014 vart det etterspurt oppfølging av pkt. 3 i vedtaket i FT-sak 2/11.

Kontrollutvalet mottok brev frå fylkesrådmannen 10.11.2014 der det står at fylkesrådmannen vil utarbeide retningslinjer og rutinar knytt til prosjektrekneskap for veg- og bygginvesteringar i løpet av våren 2015, og at retningslinjene vil bli lagt fram for fylkesutvalet i løpet av våren 2015.

Etter kontrollsjefen si vurdering gjaldt brevet datert 10.11.14 punkt 3 i vedtaket i FT-sak 2/11 i tillegg til punkt 2 i vedtaket i KU-sak 24/14. Dette omfattar oppfølging av tilrådingane 1 og 6 – 9 i rapporten frå Deloitte.

Oppfølging av tiltaka 2 – 5 i rapporten frå Deloitte ville i følgje Bygg- og eigedomssjefen vere naturleg å følgje opp i etterkant av at rutine for prosjektrekneskapa er på plass.

Kontrollutvalet handsama brevet frå fylkesrådmannen datert 10.11.2014 i KU-sak 54/14 i møte 25. november. Utvalet vedtok følgjande:

1. Kontrollutvalet tek brev frå fylkesrådmannen datert 10.11.2014 til orientering.
2. Utvalet ber om å bli orientert når retningslinjer og rutinar knytt til prosjektrekneskap for veg- og bygginvesteringar er komne på plass i løpet av våren 2015.
3. Kontrollutvalet ber om å bli orientert om status på oppfølginga av tilrådingane 2 – 5 innan utgangen av 1. halvår 2015.

Vedtaket vart sendt fylkesrådmannen i etterkant av møtet.

Kontrollutvalet mottok notat frå fylkesrådmannen datert 10.06.2015 der retningslinjer for byggerekneskap i Sogn og Fjordane fylkeskommune vert presenterte. Fylkesrådmannen skriv i notatet at fylkesutvalet vedtok retningslinjene i FU-sak 38/15, og at retningslinjene vert gjeldande for prosjekt avslutta etter 1. januar 2015.

Retningslinjene, som var vedlagt saka, gjaldt for investeringsprosjekt på minimum 50 mill kroner inkl. mva både på veg- og bygginvesteringar, som fylkesrådmannen i retningslinjene definerer som større prosjekt. Fylkesrådmannen definerer eit tidspunkt for når byggerekneskap

skal utarbeidast, og at byggerekneskapet skal innarbeidast i fylkesrådmannen sin årsrapport. Dette vart vurdert som oppfølging av pkt 3 i FT-sak 2/11.

Bygge- og eigedomssjefen vurderte i telefonsamtale 18. august at tilråding nr. 1 vart ivareteke gjennom innføring av VISMA. Det har også vore ei utvikling sidan systemet kom på plass, slik at behovet for prosjektrekneskap som grunnlag for økonomisk styring av prosjekta i dag er dekket av dette systemet. Tilråding nr. 6, som gjeld oppdatering av plan og byggesaksrutinar, er etter bygge- og eigedomssjefen ein kontinuerleg prosess, og vil bli oppdatert etter at endringar gjer det naturleg.

Kontrollsjefen mottok e-post frå bygge- og eigedomssjefen 17. august, der status for tilrådingane 2 - 5 var tema. Implementering av eit nytt kvalitetssikringssystem som skal sikre betre prosjektstyring var på den tid under arbeid. Systemet er utarbeidd av Fylkeskommunalt eigedomsforum, og vert nytta av fleire fylkeskommunar. Hausten 2015 skulle nyttast til testing av systemet på nokre prosjekt for å skaffe seg erfaringar. Systemet skulle etter planen over på ei ny digital plattform hausten 2015, noko som ville gjere systemet meir brukarvennleg. Bygge- og eigedomssjefen sa også at dei har arbeidd ein del med innkjøpsrutinar mot innkjøpsavdelinga, slik at oppdaterte rutinar som sikrar at anskaffingar blir gjennomførde og dokumenterte i samsvar med regelverket skulle kome på plass.

Kontrollutvalet handsama 26. august 2015 notatet frå fylkesrådmannen frå 10. juni og gjorde slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek notat frå fylkesrådmannen datert 10.06.2015 – Retningslinjer for byggerekneskap i Sogn og Fjordane fylkeskommune - til vitande.
2. Kontrollutvalet vurderer tilrådingane 1 og 6 – 9 i tillegg til punkt 3 i vedtaket i FT-sak 2/11 til å vere oppfølgde.
3. Kontrollutvalet ber om ein ny status på tilrådingane 2 – 5 innan utgangen av mars 2016.

2. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok notat frå fylkesrådmannen 18. mars 2016 med oppfølging av dei resterande tilrådingane i rapporten frå 2010. Dette gjeld tilrådingane 2 – 5.

Fylkesrådmannen legg i notat fram kva som er gjort for å følgje opp desse tilrådingane. Implementeringa av nytt system utarbeidd av Fylkeskommunalt eigarforum (FEF) har teke litt lenger tid enn planlagt. Systemet kom på plass medio desember 2015. Fylkeskommunen fekk lagt inn alle prosjektleiarar med brukartilgang i byrjinga av januar i år.

Etter kontrollsjefen si vurdering har fylkeskommunen, ved å ha teke i bruk KS-systemet for betre prosjektstyring, følgd opp tilrådingane 2 – 5 i rapporten frå Deloitte. Fylkesrådmannen viser i notatet kva systemet avhjelper i dei forskjellige tiltaka. Det er mellom anna utarbeidd ein SHA-plan som er i samsvar med «Forskrift om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø», økonomisk og fagleg risikostyring er ivareteke av systemet, avvik skal kontinuerleg følgjast opp av SHA-koordinator, systemet vert innarbeidd i bygg- og eigedom si oppfølging av eiga rolle i alle byggeprosjekt og det er i KS-plan sett opp rutinar for sakshandsaming ved dei ulike typar anbodskonkurransar i høve gjeldande regelverk.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen vurderer oppfølginga av vedtaket i FT-sak 2/11 til å vere fullført, og rår kontrollutvalet til å gjere vedtak om det.